

Årsmelding 2013

Broderinemnda har i året som har gått hatt 5 møter og behandla 32 saker. Me har gått gjennom lovnad om teleplikt slik det står i våre vedtekter.

Me har gjennom heile året registrert og arbeidd vidare med å ta vare på broderi og mønster av broderi.

Gjennom året har me arbeidd 96 timar med registrering og teikning av mønster med meir. I tillegg har me brodert 1 pyntehandkle og 7 barnesmekker.

Me har i året som har gått motteke mange broderi for registrering. Det verker som at innbyggjarane her i distriktet har vorte merksame på arbeidet som nemnda utfører, noe som fører til fleire broderi til nemnda. Me har også fått fleire broderi i 2013 enn tidligare. Og me har fleire namn som me skal besøke som har gitt oss lovnad om lån av broderi og nokon gåver, blant anna nokre mønster.

Leiar i nemnda vart valt til utsending på årsmøte i Fylkeshusflidslaget.

Nemnda har vore med på Torgdagen i Hillesvåg. Denne gongen fekk me plass inne og stilte ut gamle broderi me har fått.

På Husflidens dag var to av nemnda sine medlemmer i Hillesvåg, der me broderte og hadde utstilling av natt-tøyposar og poser til skittentøy.

På Husflidsmessa i Knarvik var me også tilstades. Der viste me blant anna natt-tøyposar og skittentøyposer. Me hadde ei dokke med løyvert på og viste fram barnesmekkene me har brodert saman med nokre gamle smekker som me har lånt.

I 2013 har med hatt 9 broderikvelder i Gamle Prestegarden på Manger. Oppmøte ligg i gjennomsnitt på 9,67 personar kvar gong. Det kjem damer frå fleire kommunar, til og med frå bysida av brua. Me har hatt utlodding to kvelder, ein om våren og ein om hausten. Medlemane i nemnda kjøper gevinstar, slik at alt som kjem inn går til arbeidet vårt i nemnda.

Med har hatt kaffivakt i Husflidens Hus 6 gonger dette året. Her har me fått ei inntekt på kr 2.903.-.

3418

Årsmelding for 2013 er samrøystes vedtatt av Broderinemnda.

Lerøy den, 26. januar 2014

Vigdus Olav

Årsplan for 2014

I dette året skal me arbeide vidare med registrering. Me har mykje arbeid igjen for alt er slik me ynskjer det. Og me har fått inn ein del på lån som ventar på å bli registrert.

Samtidig skal me forsette med å brodere opp modeller etter gamle mønster. Det er starta opp med brodering av eit pyntehandkle og ei gardinkappe.

Nemnda har som mål å delta med 6 laurdagsvakter i Hillesvåg. Det er sendt brev til styret i hovudlaget om dette.

Som aktivitet ynskjer nemnda å halde fram med broderikvelder, på Manger i Gamle Prestegarden. Dette for å skapa et miljø rundt broderi.

Me har i 2014 hatt ein felles planlegging av kvelder med aktivitet med hovudlaget. Slik at vi ikkje har fleire tilbod på same kvelden.

Broderinemnda ynskjer å visa seg fram der det er høve til det.

Årsplan for 2014 er samrøystes vedtatt av Broderinemnda.

Lerøy den, 26. januar 2014

Vigdus Olav